



Matematikksenteret

Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen

2026

KENGURUKONKURRANSEN

Oppgåver på nynorsk

Benjamin

(6.–8. trinn)




 NTNU








3 poeng


1. Eit golv er dekt med fem ulike fliser.
Flisene er lagde i eit gjentakande mønster.
Eva tek eit bilete av golvet med telefonen sin.




Korleis ser mønsteret ut?

- (A)  (B) 
- (C)  (D) 
- (E) 

2. Amir har to typar papirbitar.



Han vil byggje dette skipet.



Kor mange papirbitar treng han for å byggje skipet?

- (A) 4 (B) 5 (C) 6 (D) 7 (E) 8



3. Ein vanleg terning har seks sider nummererte frå 1 til 6. Summen av tala på to motsette sider er alltid 7. Pål set fingeren sin på eit hjørne i terningen og legg saman tala på dei tre sidene som deler hjørnet. Summen er 14.

Kva for tal står på dei tre andre sidene?


- (A) 1, 2 og 4 (B) 3, 5 og 6 (C) 2, 5 og 6 (D) 1, 2 og 6 (E) 2, 3 og 4



4. Kva for ein brikke treng du for å gjere ferdig mønsteret?




5. Fire geometriske figurar heng i klasserommet.




Betty ser figurane frå undersida.

Kva kan ho sjå?





6. Eit tog har 18 vogner. På biletet ser du dei fire første. Fargane på vognene følgjer eit gjentakande mønster: raud, raud, raud, gul. Fargane på taka følgjer eit gjentakande mønster: gul, raud, gul, raud.



Kor mange raude vogner i toget har raudt tak?


- (A) 6 (B) 5 (C) 4 (D) 3 (E) 2

7. Ein pizza er delt i 8 like store stykke. Max et $\frac{1}{4}$ av pizzaen. Så et Grace halvparten av det som er igjen.


Kor mange pizzastykke er det då igjen?

- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5


8. Ada har brukt ein papirmal for å lage figuren i biletet. Dei stipla linjene viser kvar ho skulle brette. Dei heiltrekte linjene viser kvar ho skulle klippe.




Kva for ein mal brukte Ada?




(A)




(B)



(C)



(D)




(E)








4 poeng


9. Lisa har ei papirremse.
Den eine sida er kvit, den andre er farga.
På den kvite sida teiknar ho fem linjer.
Ho bretter remsa langs linjene og får
figuren på biletet.








Korleis såg remsa ut før ho vart bretta?

- (A)  (D) 
(B)  (E) 
(C) 


10. Denne figuren skal klippast i to like bitar.
Bitane kan både vendast og speglast.



Kva for eit alternativ viser korleis ein kan klippe?

- (A)  (B) 
(C)  (D) 
(E) 

11. Tala 0, 1, 2, 3, 4, 5 og 6 blir skrivne inn i sirklane på biletet.
Kvart tal skal plasserast slik at summen av tala
i kvar rad er den same.




Kva er produktet av tala i den grå rada?

- (A) 0 (B) 15 (C) 18 (D) 24 (E) 30




Kengurukonkurransen
BENJAMIN 2026

12. Irma skreiv tala frå 1 til 16 i rutene på ei papirremse, som på biletet.



Så bretta ho remsa på midten.



Irma heldt fram med å brette remsa på same måte heilt til berre to ruter var synlege.


1	2
---	---

Så stakk Irma ei nål gjennom heile remsa der talet 1 var skrivne. Deretter bretta ho ut remsa og la saman alle tala i ruter med hol i.

Kva for ein sum fekk ho?

- (A) 64 (B) 68 (C) 99 (D) 128 (E) 136

13. Omkrinsen til trapesen på biletet er 22 cm.
Juan set saman fire slike trapesar til ei vindmølle.
Omkrinsen til vindmølla er 56 cm.



Kor lang er sida AB i trapesen?

- (A) 8 cm (B) 6 cm (C) 5 cm (D) 4 cm (E) 3 cm

14. I ein boks ligg det blyantar.

Charles, Paul og Simon byter på å ta blyantar frå boksen.
Charles tek 1 blyant, Paul tek 2, så tek Simon 3, Charles tek 4,
så tek Paul 5, og så vidare.
Når boksen ikkje inneheld nok blyantar til å følgje denne regelen,
tek den personen som har sin tur alle blyantane som er att.
Paul tok til saman 25 blyantar.

Kor mange blyantar var i boksen då dei starta?

- (A) 48 (B) 50 (C) 55 (D) 56 (E) 65



Kengurukonkurransen
BENJAMIN 2026

15. Kari spelar eit spel. Reglane er:

- Vel to tal.
- Legg saman tala, trekk frå 1 og skriv talet på tavla.
- Stryk ut dei to tala du la saman.
- Gjenta dette til du står igjen med berre eitt tal.




Da Kari starta spelet stod tala 9, 11, 13, 15, 17 og 19 på tavla.
Ho starta med å velje tala 13 og 17, slik biletet viser.

Kva for eit tal vil stå på tavla til slutt?

- (A) 66 (B) 75 (C) 79 (D) 80 (E) 83

16. Til høgre ser du tre bilete av den same kuben.




Kva for to symbol står på motsette sider?

- (A) og (B) og (C) og (D) og (E) og

5 poeng

17. Éin av figurane under har eit større areal enn dei fire andre.

Kva for ein figur?





18. Ein detektiv prøver å finne fluktruta til den mistenkte.

Den mistenkte kjem med tre ulike påstandar:

«Eg reiste frå New York via Chicago til Omaha.»

«Eg reiste frå New York via Miami til Kansas City.»

«Eg reiste frå San Francisco via Miami til Omaha.»

I kvar påstand er nøyaktig éin av byane rett.

Da har og denne byen riktig plassering i rekkjefølgja i påstanden.

Kva for ei fluktrute hadde den mistenkte?

- (A) New York → Chicago → Omaha
 - (B) San Francisco → Chicago → Kansas City
 - (C) New York → Miami → Kansas City
 - (D) San Francisco → Miami → Omaha
 - (E) Chicago → San Francisco → Kansas City
-

19. Fem søsken har planta blomar i kvar si krukke.

I Jim og Fredrik sine krukker er det til saman 3 gonger så mange blomar som i Zoe si krukke.

I Fredrik og Carl sine krukker er det til saman dobbelt så mange blomar som i René si krukke.

Kva for ei krukke er Fredrik si?



(A)




(B)



(C)



(D)




(E)



Kengurukonkurransen
BENJAMIN 2026

20. Julia har ni ballar som veg 1 kg, 2 kg og så vidare opp til 9 kg. Når ho legg to av ballane i den eine vektskåla og fem av ballane i den andre, er vekta i balanse. To ballar blir til overs.



Kva er den minste vekta dei to ballane som er til overs kan ha til saman?

- (A) 5 kg (B) 7 kg (C) 9 kg (D) 11 kg (E) 17 kg

21. Filip har ein kodelås med fire siffer, men har gløymt koden. Han hugsar at alle siffera var oddetal og at dei anten aukar eller minkar frå venstre til høgre.

For å vere sikker på at han kan opne låsen, kva er det største talet kombinasjonar han må prøve?

- (A) 6 (B) 8 (C) 10 (D) 12 (E) 14

22. Renate strauk ut nokre tal frå tabellen slik at summen av dei tala som blir att, i kvar rad og kvar kolonne, er 15.

4	7	7	4
6	4	4	5
5	5	4	6
5	8	7	4

Kva er summen av tala Renate har stroke ut?

- (A) 31 (B) 29 (C) 27 (D) 25 (E) 24



Kengurukonkurransen
BENJAMIN 2026

- 23.** Disse fem koppene tilhører Leon, Rikke, Anne, Pia og Sander.
Alle handtaka er anten svarte eller kvite.
Leon og Rikke sine koppar har same storleik, men dei har ulike fargar på handtaka. Anne og Pia har ulike storleikar på koppene, men fargen på handtaka er like.

Kva for ein kopp er Sander sin?



(A)




(B)



(C)



(D)



(E)

-
- 24.** Ali programmerte ei datamaskin til å skrive alle tala frå 1 til 7000 i rekkjefølgje, utan å skilje tala med mellomrom, komma eller andre symbol.

Kor mange gonger kom dei fire siffera 2 0 2 6 rett etter kvarandre?

- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5